

Oppdragsgjevar: **Kibsgaard-Petersen AS**
Oppdragsnr.: **52208380** Dokumentnr.: **01**

Til: Kibsgaard-Petersen AS
Frå: Håvard Parr Dimmen
Dato 2022-11-02

► Detaljregulering hyttefelt Fausadalen - trafikkvurdering

I samband med detaljplanarbeidet for hyttefelt i Fausadalen i Stranda kommune, har Møre og Romsdal fylke fremja motsegn ut frå manglande vurdering av trafikktryggleik og trafikkavvikling i to T-kryss:

- Fv. 60 Sykkylvsvegen / kv. 7003 Nysætervegen
- Fv. 5916 Dalevegen / kv. 7002 Fasteindalen og kv. 6004 Svindsetvegen.

Begge dei to kryssa er i Sykkylven kommune, og lokalisering er vist i figuren nedanfor.




Figur 1 Raud: Kryss fv. 60, blå: Kryss fv. 5916, grøn: Planområdet (figurgrunnlag: Norgeskart.no)

Oppdragsgiver: Kibsgaard-Petersen AS
Oppdragsnr.: 52208380 Dokumentnr. 01

Planomtale

Opphavleg reguleringsplan blei godkjend i 2006 (planID 2006004). Planen omfatta då 207 hytter. Den nye detaljplanen omfatta ei endring med 65 nye tomter slik at det femnar om totalt 272 hytter. (I brevet frå Fylket er det vist til 295 hytter, men omfanget er i ettertid redusert). Per i dag er 165 hytter allereie bygd. I realiteten omfatta då denne planen i overkant av 100 nye hytter/fritidsbustadar. I samband med tidlegare planarbeid i området ved Fjellsætra/Nysætervatnet bør ein forvente at det allereie er gjort generelle vurderingar av trafikkmessige konsekvensar.

Planområdet er vist i figuren nedanfor:




Figur 2 Utsnitt av plankart, juni 2022

Planområdet grensar til Sykkylven kommune. I kommunedelplan *Nysætervatnet* (PlanID 15282013001) som blei vedteken i 2014 er det vist til allereie godkjende planar for 570 hytter. Om lag 400 var registrert bygd då planen blei vedtatt. I kommunedelplanen er det lagt til rette for i alt 787 daa nytt areal til fritidsbustadar. Det er vist til at ein i gjennomsnitt kan rekne 2,3 daa per hytte, noko som tilseier om lag 342 nye hytter. Det blir også kommentert at ein kan velje å ha høgare utnyttingsgrad. Oppsummert gir kommunedelplanen 912 hytter, med høve til fortetting ut frå tilgjengeleg areal. Dei seinare åra det mellom anna oppført fleire einingar der fritidsbustadane ikkje er frittliggande. Kommunedelplanen har lite omtale av vegstandard i området.

Oppdragsgiver: Kibsgaard-Petersen AS
Oppdragsnr.: 52208380 Dokumentnr. 01

Kommunedelplan Nysætervatnet med markering av detaljregulering Fausadalen hyttefelt er vist i neste figur:



Figur 3 Utsnitt av kommunedelplan Nysætervatnet. Mørk oransje er eksisterande, og oransje er nye områder for fritidsbusetnad (Sykkylven kommune)

- I området kring Nysætervatnet er det tilrettelagt for om lag 1200 hytter/fritidsbustadar.
- 165 av 272 hytter er allerede bygd innanfor planområdet for Fausadalen hyttefelt.

Tilkomst til planområdet er via kv. 7001 Fausavegen, og området ligg i austenden av Nysætervatnet om lag ein kilometer frå kryss med Nysætervegen. Veg til overordna vegnett er anten kv. Nysætervegen til kryss med fv. 60, eller kv. Fasteindalen og kryss med fv. 5916.

Kommunal veg Fasteindalen har grusdekke og lav standard med aksellastgrense på 6 tonn, og er då ikkje egna for tyngre køyretøy. Vegen har fram til no vore vinterstengd. Det er om lag 5 kilometer kortare å køyre via Fasteindalen enn via Fjellsætra for den som har destinasjon i Ålesundsområdet, og denne vegen er då eit alternativ når han er køyrbar. Nysætervegen har blitt litt utbetra i seinare tid, og har no fast dekke.

- Hytter lokalisert i austenden av Nysætervatnet kan nytte alternativ og kortare rute via Fasteindalen når vegen er open for ferdsel. Vegen via Fjellsætra skianlegg har betre standard og er heilårsveg.

Oppdragsgiver: Kibsgaard-Petersen AS
Oppdragsnr.: 52208380 Dokumentnr. 01

Trafikk i området

Hytter er ein fritidsbustad, og blir oftast brukt i helger og i feriar. I tillegg til hyttene er det to leirstadar og eit friluftsanlegg/skianlegg (turløyper og alpinbakkar) i dette området. Kapasitet for vegar og kryss skal reknast ut frå *Dimensjonerande time*, noko som er *30. høgaste time i løpet av eit år*. Det er ikkje tilgjengeleg relevante trafikkregistreringar som indikerer når det er mest trafikk på vegnettet i nærleiken av Fjellsætra.

Generell vurdering:

Det er mest trafikk til hyttene og leirstadane fredag ettermiddag/kveld. Retur vil vere søndag ettermiddag. Time med mest trafikk vil mellom anna variere ut frå reiseavstand til og frå hytta. Ein kan rekne at hyttene vert brukt heile året.

Ved *Sunnmørsalpane skiarena Fjellsætra* har alpinanlegget vanleg opningstid 10-16 på laurdagar og søndagar, og fredagar på kveldstid 18-21. I vinterferien og i påska er det utvida opningstider. Ved skianlegget er det også preparerte turløyper, og det blir også arrangert langrennsløp. Langs Nysætervatnet er det fleire parkeringsplassar som også vert nytta som utgangspunkt for toppturar. Trafikken i skisesongen er størst, og det er naturleg mest konsentrert trafikk i tidspunkt som heng saman med opningstidene for alpinbakken. Det er langt frå alle som nyttar heile opningstida, og det er kanskje tidsrommet 10-11 og 15-16 som har mest trafikk til og frå. Trafikkmengda er naturleg nok varierende i høve til vêrtilhøva den aktuelle dagen. Det er størst "skitrafikk" på dagar der det er lite trafikk på hovudvegnettet.

Ved ferjeleiet på Ørsneset er det ei kjent problemstilling at det blir attståande bilar søndag ettermiddag i skisesongen når det har vore stor utfart.

- Trafikk til hytter og skianlegg er størst når det er liten annan trafikk på hovudvegnettet.
- Skitrafikken gir ein meir konsentrert trafikktopp. Returtidspunktet kan delvis samanfalle med hyttetraffikk.
- Den som kan utsetje heimreisa unngår til dømes ferjekøen på Ørsneset.

Oppdragsgiver: Kibsgaard-Petersen AS
Oppdragsnr.: 52208380 Dokumentnr. 01


Kryss fv. 60 Sykkylvsvegen / kv. 7003 Nysætervegen

Fylkesvegen er forkøyreregulert med gjennomsnittleg årsdøgnetrafikk (ÅDT) 1850 (retning Sykkylven) og 1550 (retning Stranda). Lange køyretøy utgjier om lag 150 (Kjelde: NVDB/vegkart,no).



Figur 4 Kartutsnitt av kryssområdet, nyare vegbilete viser at vikelinja no er korrekt plassert (kommunekart.com)

Nysætervegen har dårleg avbøying inn mot krysset. Vegen er også lite utflata i sjølve kryssområdet, og det blir då ein del avrenning inn på fv. 60. Krysset er ikkje i samsvar med dagens krav:



Figur 5 Venstre: Krav til vertikalgeometri der sekundærvegen har fall mot primærvegen. Høgre: Standardisert utforming, så nær 90 grader som råd (N100 figur 4.5 og 4.1)

Det er bra sikt frå Nysætervegen mot venstre, og trafikk med forkøyrersrett vil halde lav fart gjennom kurva.

Fylkesvegen har generell fartsgrense 80 km/t i dette området, men reelt fartsnivå er lavare enn dette. Vegen har stigning i retning Stranda på 7,8% - 4,2% - 6,8% gjennom kryssområdet, og tilsvarande har kurva radiar på 88 m – 20 m – 93 m. Kurva er skilta med fareskilt 102 *Farlege svingar* og det er skilt 904 *Retningsmarkering* i sjølve kurva. I kryssområdet er det også haldeplass (ikkje skilta). Busslomma på sørsida kan også fungere som passeringslomme, noko som ikkje er uvanleg. Denne strekninga er kjend for å ha vinterproblematikk der tunge køyretøy har framkomstproblem. I kryssområdet er det ikkje registrert politirapporterte trafikkulykker siste 20 år.

Oppdragsgiver: Kibsgaard-Petersen AS
Oppdragsnr.: 52208380 Dokumentnr. 01



Figur 6 Sikt mot krysset, retningsmarkering for krapp kurve. Nysætervegen mot høgne (Google Street View aug. 2022)



Figur 7 Sikt mot krysset, ca. 120 meter avstand (vegkart.no/vegbilder, mai 2022)

Oppdragsgiver: Kibsgaard-Petersen AS
 Oppdragsnr.: 52208380 Dokumentnr. 01




Figur 8 Sikt mot krysset, ca. 120 meter avstand (vegkart.no/vegbilder, mai 2022)

I høve til Statens vegvesen handbok N100 kan ein vurdere fylkesveg 60 som ein Hø1-veg. Stoppsikt (L_s) for flat og rett veg ved 80 km/t er 105 meter. Stigning i retning frå Sykkylven og fall i retning frå Stranda tilseier reduksjon i naudsynt stoppsikt i krysset. Siktkrav i kryss er $1,2 \times L_s$, og med sikt 10 meter inn i Nysætervegen. Om vinteren kan snøopplag redusere siktilhøva. I instruks for vintervedlikehald er det krav om å oppretthalde siktilhøva, så det bør ikkje vere eit problem. Samstundes vil også fartsnivået på vinterstid vere lavare.

Dagar med mykje trafikk til skianlegget på Fjellsætra fell saman med mykje trafikk til Strandafjellet. Det er eit større skianlegg enn ved Fjellsætra, noko som inneber at majoriteten av skitrafikken vil køyre rett fram i krysset.

Ut frå ei ordinær ÅDT-vurdering er det ikkje grunnlag for å etablere til dømes venstresvingefelt i krysset. På enkeltdagar med stor skiutfart, ser ein at trafikkmengda truleg kan ligge innanfor skravert område i figuren nedanfor.



Figur 9 Kriteria for etablering av venstresvingefelt (N100, krav 4.11/figur 4.6)

Oppdragsgiver: Kibsgaard-Petersen AS
Oppdragsnr.: 52208380 Dokumentnr. 01

Ut frå definisjonen med den 30. høgaste timen er det derimot meir tvilsamt om ein er over denne "grensa".

Handbok N100 gir høve til å likevel etablere venstresvingefelt dersom det kan vere særskilte omsyn som må vurderast. På store utfartsdagar kjem trafikken puljevis frå ferjeleiet på Ørsneset, og då er det ofte mange bilar som kjem på kort tid. I slike situasjonar er det som regel lite motgåande trafikk, men det kan likevel oppstå kortvarig kø i kryssområdet.

KRAV 4.12 **KAN**

GJELDENDE FRA 22.06.2021

Der det ikke er krav om venstresvingefelt anbefales det likevel å vurdere om forhold i den enkelte situasjon (spesielt trafiksikkerhet og fremkommelighet), tilsier at venstresvingefelt likevel kan etableres

Busslomma på sørsida kan truleg fungere som passeringslomme, men det er avhengig av korleis venstresvingande (og ventande) køyretøy plasserer seg i vegbanen. Ulempa er at det ligg tett inn til den krappe kurva, men vil likevel kunne fungere fordi geometrien medfører lav fart.

- Sikt i krysset i høve til fartsnivået er tilfredsstillande.
- Krysset har ei utforming som ikkje er i samsvar med krav for nye vegkryss.
- På store utfartsdagar kan høgaste timetrafikk ligge over det som er grensa for etablering av venstresvingefelt. I høve til 30. høgaste time er dagens ukanaliserte kryss innanfor normalkrava.
- Busslomma på sørsida av vegen fungerer også som passeringslomme, men er truleg litt for knapp til å kunne fungere skikkeleg.

Oppdragsgiver: Kibsgaard-Petersen AS
 Oppdragsnr.: 52208380 Dokumentnr. 01

Kryss fv. 5916 Dalevegen / kv. 7002 Fasteindalen og kv. 6004 Svindsetvegen

Fylkesveg 5916 endar i dette krysset. Angitt ÅDT i NVDB er ca. 400 med 3 % lange køyretøy. Vegen er forkøyrregulert, og med fartsgrense 80 km/t. Like nord for krysset har Svindsetvegen fartsgrense 50 km/t. Det er ikkje registrert politirapporterte trafikkkulykker i området.

Fylkesvegen er relativt smal; NVDB angir dekkebreidde på 5 meter nærast krysset og 4,3 meter på motsett side av brua og kurva. Kurva har angitt radius på 45 m – 29 m, noko som tilseier lavt fartsnivå i området.



Figur 10 Kartutsnitt frå kryssområdet, bru og kurve er markert med raud oval (kommunekart.com)



Figur 11 Sikt mot krysset frå fv. 5916 (vegkart.no/vegbilder mai 2022)

Ein kontroll opp mot kart, viser at kv. Fasteindalen har fall på 1:15 siste 30 meter inn mot krysset. Ved innkøyring mot vikepliktsregulert T-kryss vil trafikken i sidevegen uansett halde lav fart.

Oppdragsgiver: Kibsgaard-Petersen AS
Oppdragsnr.: 52208380 Dokumentnr. 01



Figur 12 Sikt mot krysset frå kv. Fasteindalen. Ved skiltstolpe til høgre er det no montert vikepliktsskilt (Google Street View juni 2019)

Som ein ser i Figur 11 er det bra sikt inn mot krysset, og ein kan forvente at det med jamne mellomrom blir gjennomført siktrydding i kryssområdet. Som nemnt tidlegare er vegen vinterstengd, og trafikk til skianlegget er såleis ikkje noko "problem".

- Kryssområdet har lite trafikk, og sidevegen er vinterstengd.
- I kryssområdet er sikttilhøva tilfredsstillande.

Oppdragsgiver: Kibsgaard-Petersen AS
Oppdragsnr.: 52208380 Dokumentnr. 01

Oppsummering

Møre og Romsdal har fremja motsegn mot detaljregulering av 65 nye hyttetomter i tidlegare regulert område ved austenden av Nysætervatnet. Talet på hyttetomter i planområdet vert då auka frå 207 til 272. Av dette er 165 hytter allereie bygd. Motsegna er knytt opp mot trafikktryggleik og trafikkavvikling i kryssa mellom kommunale tilførselsvegar til området og næraste fylkesveg. I området ved Nysætervatnet er det tilrettelagt for om lag 1200 fritidsbustadar i Sykkylven og Stranda kommunar.

I fylkesvegkryssa utgjer trafikk generert av hyttene ein stor andel av totaltrafikken i sidevegane. Hyttetraffikk kan ikkje ventast å vere særskilt konsentrert i tid slik at det medfører trafikale eller trafikktryggingmessige problem i fylkesvegkryssa. Denne trafikken er i liten grad samtidig med trafikk til/frå skianlegget på Fjellsætra.

Kryss med fv. 60:

Nysætervegen har dårleg avbøying i kryssområdet. Krysset er ikkje i samsvar med dagens krav til vegkryss. Horisontal- og vertikalgeometrien i kryssområdet tilseier at fartsnivået på fv. 60 vil vere godt under gjeldande generell fartsgrense 80 km/t. Trafikk til skianlegget på Fjellsætra vil ha markerte trafikktoppar knytt opp mot opningstida for alpinbakken. Høgaste timetraffikk her vil vere på om lag same tid som det er mest trafikk til/frå Stranda skisenter. Med mykje venstresvingande trafikk kan det vere grunnlag for kanalisering av krysset, men det er usikkert om kravet er til stades over 30 timar per år. Passeringslomme er rekna som eit alternativ, og eksisterande situasjon ved bruk av busslomma som passeringslomme kan truleg bli forbetra med mindre tiltak. Krysset har ikkje registrerte ulykker som tilseier at det er eit trafikktryggingproblem på staden.

Trafikk generert som følgje av utbygging av 65 nye hytter i tillegg til tidlegare godkjent reguleringsplan, utgjer ein liten del av totaltrafikken i området. I motsegna frå Fylkeskommunen er det ikkje vist til tidlegare rekkefølgekrav eller trafikkmessige vurderingar i kryssområda i samband med andre planar. Behov for eventuelle tiltak i krysset burde vore handsama seinast i samband med kommunedelplanen for Nysætervatnet i 2014. Plandokumenta til kommunedelplanen indikerer ikkje at det er gjort ei slik vurdering. Det er såleis litt uklart kvifor kravet om trafikkvurdering av kryssa kjem i samband med detaljregulering av denne planen.

- Krysset har klare forbetningspunkt, men utviding av Fausadalen hyttefelt er ikkje utslagsgjevande for at det bør vere rekkefølgekrav der krysset må vere utbetra før hyttene kan takast i bruk.

Kryss med fv. 5916:

Det vanskeleg å sjå eventuelle problem i dette krysset, og ein må i så fall be om nærare grunngjeving for motsegna. Fylkesvegen har lav standard, og fartsnivået er under generell fartsgrense 80 km/t. Siktilhøva i krysset er tilstrekkeleg. Kommunal veg Fasteindalen er vinterstengd, og har grusdekke.

- Krysset er uproblematisk med tanke på trafikktryggleik og trafikkavvikling.

C01	2022-11-02	Til gjennomgang hos oppdragsgjevar	HAADIM	BHJ	HAADIM
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.